



Dreng som duger var eit av spelstykket som gjorde stor furore i Helgheim. (Foto i Uskedalsposten)

Sommarnummeret av Uskedalsposten er i salg. Som vanleg er dette kjärlig komne bladet spekka med stoff som vekkjer interesse både hos unge og eldre, hos bygdefolk og andre med tilknyting til bygda. På dei førti sidene finn vi variert stoff for heile breidda av lesarskaren.

Svært kjekt er det å få vekt til live minnene frå då ungdomslaget hadde ei svært så aktiv teatergruppe. Kvart einaste år øvde dei inn nye spelstykke, og dei gjorde furore langt utanfor kommunegrensene. Gjennom spelet sitt fekk dei fram mest latt og løye, men til tider også alvor. Dette førte til spelarane til mange scenar, - m.a. hadde gruppa fleire ganger famføringer både på Hordastemne og på Landsstemnet til Noregs Ungdomslag.

Bjørgulf og Margit Eik, ekteparet som var sentale i så mange spelstykke, mimrar tilbake til dei gilde stunder, og dei deler opplevingane sine gjennom Ola Matti Mathisen sin penn. I tillegg vert artikkelen krydra med mange gamle biletar, og med avisomtalar av mange av framføringane frå den store teaterperioden i ungdomslaget. Svært interessant! Vekkjer nok gode minne hos mange.

Men det stoppar ikkje med dette. Det er også flust med anna interessant stoff. Historisk stoff om skipinga av Indremisjonssamskipnaden, om Beinavikjo og om dampskipskaien som samlingsstad vil vekkja interesse hos mange.

Alle mulighetene som den vakre naturen rundt oss byr på vert gjeve plass. Vi kan lesa om det om at tursti-tilbodet vert stadig betre. På midtsidene i bladet finn vi eit godt kart over turstiane i bygda. Det er kjent at Ulvanåso er eit eldorado for fjellklatrarar. Ein av dei som gjer seg nytte av det, Ågot Caroline Nilssen, fortel oss kor høgt denne fjellsida vert verdsett.

Stoff frå den flotte båthamna vår høyre naturleg heime i sommarnummeret. Gjennom intervju med fleire

fornøgde båtfamiliar på gjesting, gjev den unge journalisten Lars Fausk eit svært godt bilde av kor stor verdi båthamna har for bygda vår. Ein annan ung journalist, Birte Nybakk, har og svært gode bidrag. Ho har mellom anna intervjua lege Birgit Zimmermann om det aktuelle temaet: pollenallergi.

Vi har alltid store forventningar til nye nummer av Uskedalsposten. Det er mykje interessant stoff, og berre noko av det er nemnt her. Eg har berre eit råd: Kjøp den, og kos deg med alt! Eit råd nummer to: Hugs utflytta slekt og venner. Send sommarnummeret til dei. Det blir garantert sett pris på!

Av Thor Inge Døssland